



Advokatfirmaet Wiederstrøm & Lodtz as
Thor-Eirik Lodz
Pb 494 Sentrum
5805 BERGEN

Referansar:
Dykkar: 906815
Vår: 15/1039 - 16/15474

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
06.12.2016

Plansak 12602015000200 - detaljregulering - Mangerøy industriområde, Kjevogen - stadfesting av mottak av klage og vurdering av utsett iverksetting

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar klage 02.12.16.

Klagen er motteke rettidig.

Anmodning om usett iverksetting

Det er i klagen fremja anmodning om utsett iverksetting av kommunestyret sitt vedtak av 27.10.16 om godkjenning av reguleringsplan for Mangerøy industriområde, Kjevogen.

Krav om utsett iverksetting skal vurderast etter forvaltningslova § 42.

Hovudregelen er at vedtak av reguleringsplan får verknad ved kommunestyret sitt vedtak, jf. plan- og bygningslova § 12-4, men kommunen «*kan*» treffe avgjerd om at vedtak ikkje skal iverksetjast før klage er endelig avgjort.

Avgjerda beror på eit heilskapleg skjønn og ein førebels vurdering av klagen, samt vekting av dei ulike interessene i saka. Omsynet bak føresegna om utsett iverksetting er rettstryggleik, ved at ein skal hindre gjennomføring av vedtak som kan medføre irreversibel skade eller tap.

Klagen er generell i sin ordlyd og rettar seg både mot privatrettslege tilhøve, sakshandsaminga og konsekvensutgreiing, utan at dette er nærmare belyst eller dokumentert. Det er opplyst i klagen at «*klagegrunner ikke er uttømmende, verken i forhold til klagemomenter eller begrunnelse. Vi arbeider med å gjennomgå reguleringsplanen, og vil komme med utfyllende merknader så snart det lar seg gjøre*». Klagegrunnane er ikkje konkrete nok til at kommunen har grunnlag for å foreta ein førebells vurdering av klagen. Hovudregelen må då leggjast til grunn og vedtaket får ikkje utsett iverksetting.

Kommunen viser samstundes til at tiltak i området vil vere søknadspliktig og at tiltak ikkje vil kunne iverksetjast direkte med grunnlag i reguleringsplanen. Kommunen vurderer det difor til å vere liten fare for at irreversible tiltak vert gjennomført før klagen vert handsama.

Avgjerd

På grunnlag av ovannemnde treffer bygningsstyresmakta avgjerd om at vedtaket ikkje får utsett iverksetting til klagesaka er endeleg avgjort av Fylkesmannen.

Kommunen vil ta atterhald om å gjere ein ny vurdering av spørsmålet om utsett iverksetting når det eventuelt ligg føre ein utdjupande klage eller andre opplysningar som tilseier ei anna vurdering.

Avgjerda er prosessleiande, og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan imidlertid på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting.

Innsynskrav

Dykkar krav om innsyn er sendt kommunen sitt dokumentsenter for vidare handsaming.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult	Pb 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
-------------	--------	------	-------------------

Mottakarar:

Advokatfirmaet Wiederstrøm & Lodtz as	Pb 494 Sentrum	5805	BERGEN
---------------------------------------	----------------	------	--------